

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 49/2004

Møtedato: 3.11.04

Arkiv nr:

## **Skotpremie mink, kråke og rev.**

Fjellstyret har fått oversendt til uttale sak i kommunestyret om avvikling av ordninga med skotpremie for mink, kråke og rev.

Kommunen skriv i si saksframstilling følgjande:

### **SKOTPREMIAR - VESTRE SLIDRE KOMMUNE**

*I samband med at det kom forespørsel frå lensmannen om utbetaling av meir midlar til skotpremie på mink, kråke og rev, finn ein det naturleg å ta ei vurdering av ordninga. Denne vart innført på frå 1982 etter oppmoding frå fjellstyret.*

*Kommunen har ytt kr 50 pr mink og kr 10 pr kråke. Lensmannskontoret har også utbetalt kr 75 pr rev som har vorte skoten.*

*Fjellstyret har også ytt tilsvarande beløp som kommunen i skotpremie til mink og kråke, slik at skotpremien har vore kr 100 p.r. mink og kr 20 p.r. kråke i tillegg til kr 75 p.r. rev.*

*Ordninga har fungert ved at lensmannskontoret har administrert ordninga og utbetalingane. Dei har fått overført midlar til dette frå kommunen.*

*Ei oversikt frå lensmannskontoret viser at utbetalingane har vore relativt små dei siste åra.*

*Summane for dei enkelte åra er vist her:*

95	kr 2860,-
96	kr 2620,-
97	kr 2645,-
98	kr 1630,-
99	kr 2000,-
00	kr 715,-
01	kr 950,-
02	kr 2110,-
03	kr 120,-

*Gjennomsnittleg utbetaling desse åra er på kr 1738,- pr år.*

*Tilsaman har det frå 1995 vorte betalt skotpremie for 99 mink, 510 kråker og 79 revar.*

*Kommunene har til saman utbetalt 16.000 kroner til lensmannskontoret frå 1995 fram til no.*

*Det har vore kontakt med fjelloppsynet, og fjellstyret vil også vurdere ordninga for sin del.*

### **Vurdering:**

*Bakgrunnen for skotpremiene var i si tid å redusere bestanden av mink, kråke for å bekjempe desse artane for slik å oppretthalde stort mogleg bestand av fisk og vilt.*

*Det har imidlertid vist seg at slike tiltak har relativt liten effekt på viltbestanden. Skal ein få effekt må slik bekjempelse drivast veldig intensivt.*

*Forsøk har vist at det for eksempel er særleg viktig å ta ut hekkande territoriekråker, då det er desse som står for det meste av eggrevinga frå rypereira. Kråkene som det vert utbetalt skotpremie for vert i liten grad skotne på fjellet.*

*Det er heller ikkje haldepunkt for at den store avskytinga av rev på 1970 talet har ført til auke i småviltstammen.*

*For mink har ikkje skotpremiar hindra ein rask bestandsvekst etter at dei fyrste dyra rømte. Det er derfor liten grunn til å tru at skotpremiene har særleg effekt på bestanden av desse artane.*

*Etter det ein kjenner til, er det ingen av nabokommunane som har ordningar med skotpremie for desse viltartane. Effekten av bekjempinga vil verte begrensa av innvandring når den skjer innafor eit mindre område.*

*I forskriftene for dei lokale viltfondet som vart vedtatte i 2001 er det spesifisert spesielt at ein ikkje kan nytte midlar frå det lokale viltfondet til skotpremiar. Skal kommunen oppretthalde ordninga må det derfor bevilgast midlar i budsjettet til dette.*

*Sakshandsamar vil foreslå at ordninga vert avslutta. Dette bør skje frå nyttår. Eventuelle nye utbetalingar dette året vert teke frå posten for viltforvaltning.*

*Forslag til vedtak:*

*Vestre Slidre kommune vedtek å oppheve ordninga med skotpremie på mink, kråke og rev frå kommunen frå 1.1.2005.*

*Vedtak i Kommunestyret 07.10.2004:  
Saka vert utsett.*

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har behandla saka, men har ikkje kome med skriftleg uttale. Dei skal ha tilrådd at skotpremien bør doblast om ordninga skal halde fram.

Fjellstyret er i tvil kor stor nytte det er av eit slikt tiltak. Det er ikkje dokumentert at skotpremie har vesentleg innverknad på anna vilt før dette eventuelt blir drive svært intensivt. Med det nivå avskytinga og fangsten er på i dag, vil det truleg ha minimal verknad på anna vilt. Det er ikkje opplysningar om kvar og når avskytinga skjer for det som det blir utbetalt skotpremie for. Dette kunne vore nyttig for å vurdere nytta av tiltaket.

**Vedtak:**

Fjellstyret kan som ei prøveordning vera med på framlegget frå Vestre Slidre jeger- og fiskarlag om ein dobling av skotpremien for å sjå om dette gir auka interesse. Vilkåret for utbetaling av skotpremie er at det blir opplyst kvar og når dei ulike artane er felt. Ordninga må vurderast på nytt etter ei periode med innsamling av data.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.11.04.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Vestre Slidre jeger- og fiskarlag